



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

17. FEB 2015

Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/innvalsnr: Sigmund Bødal - 55516146	Vår referanse: 2011/099315-009	Dykkar referanse: 2014/6977-8	Vår dato: 12.02.2015
------------------------------------	--	-----------------------------------	----------------------------------	-------------------------

Oversending av søknad om dispensasjon frå byggjegrænse til Fv 563 for uttale - gnr. 5 bnr. 7.


Vi viser til brev i frå Askøy kommune av 28.01.15 med førespurnad om uttale til ovannemnde søknad.


Søknaden gjeld slik vi forstår han dispensasjon frå byggjegrænse til Fv 563 for etablering av bygg på eksisterande garasje. Det er søkt om ei byggjegrænse på 12,5 meter.

Dagens garasje ligg på 12,5 meter frå senterline til Fv 563. Vi ser at ein kan plassere garasjer noko nærare fylkesvegnettet enn det tilseier i einskilde tilfelle. I dette tilfelle ønskjer ein å plassere eit bygg opp på garasjen. Det er lagt ved teikningar av bygget. Slik vi forstår er det tenkt mellom anna bruk hobbyrom / reidskapsbod. Heile tilbygget har likevel ein storleik på 1, 5 etasjer. Vi er noko usikker på bygget og stå skal kunne nyttast som overnatting då det er lagt inn toalett. Vi oppfattar at denne delen skil seg frå garasjedelen. Over tid vil det vere mogleg å endre bruken av bygget, noko utforminga innbyr til.

Statens vegvesen ser at terrenget der bustadhus og garasje er lokalisert er avgrensa med bratt terreng i bakkant. Etablert bustad ligg nærare Fv 563 enn nyleg oppført garasje. Kommuneplanen legg opp til 30 meter byggjegrænse. Med utgangspunkt i at søknaden gjeld tilbygg på garasje kan Statens vegvesen vere positivt innstilt til ei byggjegrænse på 15 meter. Vi gjer merksam på at dette gjeld for tilbygg som bod og ikkje som eit bustadrelatert bygg. Ny bustad i dette området er ikkje aktuelt for Statens vegvesen å akseptere innanfor byggjegrænse til Fv 563.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefsingeniør


Sigmund Bødal
øvingeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Kopi: Hordaland fylkeskommune